



FOLKEDANSFESTIVAL I OSLO

30. jan. - 4. feb.

Ei folkedansbølge går over landet og det nye året dansast i gong, med ein dansefestival over 6 dagar i Oslo!

Tysdag 30. januar



19:30, Nynorskens Hus

"Dans, dans, dans deg gjennom heile folkemusikkhistoria!"

Festivalen byrjar i den tradisjonsrike Teatersalen i Nynorskens Hus. Vegar Vårdal kjem til Leikarringen i BUL Oslo for å ta oss gjennom dansehistoria frå langedans til diskodans. Korleis pardansen har utvikla seg opp gjennom historia, kvifor polka like godt kunne heitte vals, og mykje anna moro får du lære denne kvelden.



Ta med gode dansesko!

Billett: 50 kr, betaling i døra

Onsdag 31. januar

21:00, Kaffistova


Folkemusikkpøbb

Denne kvelden byr me inn til spelemannstafett på Kaffistova. Fem drivande dyktige unge musikarar kjem for halde dansen rullande utover kvelden.

Kom for å danse, for å høyre god musikk, for å treffe gode vener og slå av ein triveleg prat.

Felespelarar: Mattias Thedens, Ester Thunander, Åsmund Fauske, Tiril Einarsdotter og Sindre Tronrud

Gratis inngang!



Torsdag 1. februar



20:30, Riksscenen

Folk på Torsdag: Hått

Hått spelar tradisjonelle runddansslåttar som har vore bruka på hardingfele. Dette er danseusikk som skil seg frå standard runddansslåttar i melodigangar, rytmekjensle og oppbygging. Slåttane dei spelar høyrer til ein gamal og særigen type runddansslåttar frå den første tida kor europeiske impulsar møtte dei gamle norske bygdedansane og bygdespelemennene. Hått spelar først og fremst slåttar frå Numedal, Valdres og Telemark.

Per Anders Buen Garnås - hardingfele
Anders Erik Røine - gitar m.m.
Nils Øyvind Bergset - trekkspel


21:30, Riksscenen

Dansefest med NMH-studentar

Billettar på www.riksscenen.no



RIKSSCENEN



RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

RIKSSCENEN

FOLKEDANSFESTIVAL I OSLO

30. jan. - 4. feb. 2024

Fredag 2. februar

Fredagen byrjar med seminar- og visningsdag for og med folkedansarar. I samarbeid med SPRANG, landsdelsscene for dans, arrangeres Riksscenen visningar av idéar som er i støypeskeia og pitsjestafett. Og i samarbeid med USN Rauland, Senter for Folkemusikk og Folkedans og Kulturrådet blir det seminar og samtaler om relevante folkedanstema. Arrangementa på dagtid er gratis for alle.

11:00, Riksscenen

Nytt dansestudium på USN Rauland

Endelig har vi fått på plass eit etterlengta studium i folkedans, som vil starte opp allereie hausten 2024. Studiet er utvikla i tett samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, samt fleire av dei mest aktive folkedansekompania i Noreg. Men, kva er eigentleg profilen på studiet? Og kva kan eit slikt utdanningstilbod ha å seie for folkedansen i landet vårt? Kan ein eigentleg leve som folkedansar?

12:00, Riksscenen

På scenen med dansearkivet

Dei siste åra har det kome fleire flotte folkedansproduksjonar med bruk av arkivfilmer av dans på scena. I denne sesjonen får vi møte fleire dansarar som har gjort dette på ulike vis. Vi får presentasjonar frå ulike forestillingar og ein panelsamtale med rom for spørsmål frå salen.

Medverkande: Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Anna Bjørk, Sigrid Stubbsveen og Elizabeth Svarstad.

13:45, Riksscenen

Søknader, søknader, søknader!



Arbeidar du med folkedans som yrke og har eit ønske om å skape store og små forestillingar - eller driv du med lagsarbeid og rekrutteringsprosjekt: søknader er uansett ein stor del av kvardagen! I denne bolken møter du folk som arbeider dagleg med skriving eller handsaming av søknader. Vi spør om Kulturrådet sine ordningar er opne for folkedansen på folkedansens premisser? Korleis beskriv ein dei gode idéane slik at dei når fram i prioriteringa? Og kva skal til for å få tilslag på dei store midla?

Medverkande: Hedda Abildsnes, Sigurd Johan Heide, Rannveig Øygardslia og Andreas Ljones

14:30, Riksscenen

Norske Dansekunstnere

Norske Dansekunstnere er eit uavhengig fag- og kunstnarforbund, som samlar dansekunstnarar på tvers av tradisjonar, stilar og sjangre. NoDa arbeider for å sikre og utvikle leve- og arbeidskår for dei som skapar, utøver og underviser i dansekunst."



15:00, Riksscenen

Danse mi dokke, springe min hest

Her får vi eit utdrag av forestillinga om dei mystiske dansedokkene til Berit på Pynten, som skal ha premiere i vår. Når Berit spelar på langeleiken sin, byrjar både små og store dokker å danse. Er det magi i musikken som vekker dei til live? Og er det noko moro å vere ei dansedokke som berre kan danse når ein annan bestemmer det?

Medverkande: Ingrid Lingaas Fossum - langeleik, dans, song. Brigitte Blomlie - dans og song. Silje Risdal Liahagen - regikonsulent

15:30, Riksscenen

Arbeidstittel: Stillstand

I dette rommet er det stor sjanse for keisemd og lite tolmod. Her er tida anleis, eller er den det? I dette rommet finns noko rastlaust, for i stillstand får ikkje utvikling plass. Å være så til stades i sitt eige at ein ikkje er til stades i rommet - så flytande til stades at ein kan lure på om ein er, i det heile teke, er det stillstand? Og er stillstand vegen til å vere tilstades her og no, eller er det ein omveg, veg til noko anna?

Av og med Anita Vika Langødegård

16:00, Riksscenen


Arkivdansekonsert Gol

Hallingspringaren vart utsett for ein kraftig standardiseringsprosess i mellomkrigsåra, og den nye "kursforma" fekk høgare status gjennom kappleikar - noko som gjorde at mykje av mangfaldet i springartradisjonen vart gøymt og gløymt. Gjennom arbeid med arkivopptak skal no fem unge utøvarar frå Gol hente fram att turar og tak som har gått i gløyme boka, og presentere det dei finn i ein Arkivdansekonsert med fokus på tradisjonen frå Gol.

Utøvarar: Åsmund Jøtun Fauske, Vebjørn Jøtun Fauske, Andrea Søgner, Lars Fivelstad Smaaberg og Silje Risdal Liahagen

16:30, Riksscenen

Pitsjestafett



RIKSSCENEN

sprang

19:30, Riksscenen

ÓME

I Óme møtast dans og musikk i ein duett mellom folkemusikeren Sivert Holmen og dansekunstnaren Silje Onstad Hålien. Saman utforskar dei det detaljrike møtet mellom dans og musikk, og mellom det folkemusikalske uttrykket og det meir moderne og improviserte. Korleis fyller tonene frå fela rommet så det ljomer/omer, og kva heng igjen når dansen trår klengen vidare? Kva kling, og kva gjer det med oss?

Silje Onstad Hålien vart som første kvinnelege dansar tildelt heidersprisen "Årets folkemusikar" under FolkeLarm i 2015. Ho er koreograf og kunstnerisk leiar for kompaniet Villniss, og er sentral i å utvikle det sceniske feltet innan tradisjonsdans. Sivert Holmen er ein anerkjent spelemann, både på hardingfele og 10-strengsfela "hardanger d'amore". I musikken hans møter Valdrestradisjonar impulser frå samtidsmusikk og moderne komposisjonsmusikk. Holmen har mottatt fleire prisar, han vann Fanitulltevinga 2022 og har fleire toppplasseringsar på Landskappleiken.

Medverkande: Silje Onstad Hålien - dans, Sivert Holmen - hardingfele, Kari Anne Vadstenskvik Bjerkestrand - kunstnarleg rettleiing, Sylvia Denais - kostyme

Billettar på www.riksscenen.no

Foto: Runhild Heggum: BUL i Teatersalen, Knut Utler: Hått og Óme

Jo Einar Jansen: Ragnhild Furebottens orkester



Fredag 2. februar

21:00, Riksscenen

Nordnorsk Bygdefest


I gamle dagar gjekk folk på bygdefest. Då møttest ung og gamal, dei som elska å danse, dei som helst var veggpryd, dei som var tørste og dei som ville slåss. Ungdomshuset eller samfunnshuset gav den perfekte ramma, som det også gjer i samanheng med denne produksjonen frå Scene Nord si avdeling Folkemusikk Nord. Den startar slik mange bygdefester gjorde før i tida – som ein konsert. Etter kvart kan ein kjøpe seg meir kaffe og andre godsaker, og så kjem dansarane i Kartellet ut på golvet. Vidare utover kvelden håpar vi at publikum vågar å bli med i dansen!

Orkesteret vert leia av Scene Nord sin eigen Ragnhild Furebotten. Kartellet har basert brorparten av sine forestillingar på bygdefestens dans og overraskingar, og når dei byr opp til dans er det ingen som heilt veit kvar det ber!

Medverkande:

Ragnhild Furebotten – fele
Bjørn Andor Drage – hammondorgel
Bendik Lund Haanshus – gitar
Arnfinn Bergrabb – trommer
Sigurd Johan Heide – danser
Inge Martin Helgesen – dans
Jo Einar Tobias Sterten Jansen – roadie, lommelykt og fele

Billetter på www.riksscenen.no



FOLKEDANSFESTIVAL

I OSLO

30. jan. - 4. feb. 2024

Laurdag 3. februar



10:00 til 17:00, Bygdelagshuset

Instruktørkurs: Folkedans for vidarekomne

Laurdag 3. og søndag 4. februar 2024 arrangerer Noregs Ungdomslag instruktørkurs i folkedans for erfarne og vidarekomne instruktører. Instruktørane Ami Dregelid og Andreas Berchtold frå Sverige fokuserer på ulike metodar for teknikk og samdans og utforsker korleis du som instruktør kan bruke dette i eigen dans og formidle vidare til andre dansarar.

Mer info og påmelding på www.ungdomslag.no innan 18. januar 2024



15:00, Riksscenen

Åpent idémøte om BLS Ung

BLS Ung er eit nytt medlemslag i BLS (Bygdelagssamskipnaden) der ungdom og studentar kan møtast gjennom dans, musikk og sosiale aktivitetar. Denne laurdagen inviterer vi alle interesserte til å kome med idéar og forslag til nye aktivitetar for 2024.



16:00 - 17:00, Riksscenen

Kræsjkurs i gammaldans

I samarbeid med BLS Ung arrangerer Riksscenen Kræsjkurs i gammaldans for ungdom under 26 år. Kurset er gratis og du treng ikkje å kunne noko på førehand. Direkte etter kurset og utover kvelden får du prøve ut alt du har lært på dansefesten.


Instruktørar er Neri Bakkjen og Marta Bartholomew. To unge og flinke dansarar som vil fokusere på reinleider, vals og polka på eit nivå alle kan vere med på. Muskar på kurset er Ane Stakston Aasen.



16:00 - 18:00, Riksscenen

Kræsjkurs i rørespols

Før den store dansefesten på Riksscenen inviterer vi alle som vil til å lære rørespols av tradisjonsbærarane Rolf J. Feragen og Torill Jørgensen. Kurset er gratis for alle som har billett til kveldens dansefest og er eit samarbeid mellom Riksscenen, FolkOrg og Noregs Ungdomslag.



FOLK
ORG



17:00 - 19:00, Riksscenen

Dansefest for ungdom

Vi kan ikkje ha ein heil dansefestival utan at vi inviterer ungdommen til dans, spel og pizza i kjellaren på Riksscenen. Det er gratis inngang for alle under 26 og dei beste danseorkestra frå Oslo og Viken spelar opp til dans. Ungdommen får også gratis inngang resten av kvelden.

Med: Spelesauene frå Svartskog, Slåttstjernene, FolloFeler, UFO og Bølingen Allstars

20:00, Riksscenen

Dansefest med Småviltlaget

Dansefestane tek ikkje slutt denne veka, og laurdag ikkje noko unntak. På scenen stiller Småviltlaget, Bergrosa Juniorspelemannslag og Dei Gamle Kuratorane for å halde dansegolvet i gang utover kvelden og natta.

Småviltlaget feirar 30 år som gammaldansorkester i år, og det vert sjølvsagt markert på Riksscenen. Det heile starta i Vågå under Folkemusikktreffet i 1994, og sidan har den meritterte gjengen frå Røros halde saman. Småviltlaget har gjeve ut tre CD'ar, dei har vunne Landsfestivalen i Gammaldans to gonger, dei vann Kappspell i 1999 og mottok kongepokalen under Titanfestivalen i 2002.


Forutan drivande runddans er det rørespolsen som er Småviltlagets varemerke, noko me får prov her i byen på 3.februar.

Småviltlaget: Tron Westberg, Magne Eggen Haugom, Jan Frostvoll, Rolf J. Feragen, Oddmar Kjerrevoll, Per Ivar Tammes, Ola Kjerrevoll.

Billetter på www.riksscenen.no



Sundag 4. februar



10:00 - 15:00, Bygdelagshuset

Instruktørkurs: Folkedans for vidarekomne

To dagars kurs med Ami Dregelid og Andreas Berchtold i regi av Noregs Ungdomslag.

Sjå dag ein for meir info!

17.00 - 19.00, Bygdelagshuset

Arkivpols

Arkivpolsing - der du får bli med dansen! Vi møter fire tradisjonsbærarar med lang fartstid innan musikk og dans frå Rørosområdet. Det vert arkivklipp, levande musikk og levande danseformidling. Dette er eit polskurs som byggjer på arkivdansekonserter «Med hjertet i rørespolsen» der kjernen er levande musikk- og danseformidling. La deg rive med i forrykande dans og spel og kjenn den levande polstradisjonen på kroppen.

Instruktørar og tradisjonsbærarar: Torill Jørgensen, Rolf J. Feragen, Jan Frostvoll og Magne Eggen Haugom



19:00, Bygdelagshuset

Søndagsdans

Festivalen DANS DANS DANS avsluttar si fyrste utgåve med den tradisjonsrike søndagsdansen i Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22.

Bygdelagssamskipnaden inviterer alle til pols, runddans, kaffe og kaffemat. Flatlusa Spellemannslag spelar opp til dans!

Medlemmer BLS: 150, Ikkje medlemmer: 200
Born/ungdom opp til 26: 100

Pris inkluderer både Arkivpols dansekveld og kaffe med kaffemat



Foto: Ingvil Skeie Ljones: Ami Dregelid og Dansefest for ungdom

Thomas Westling: Småviltlaget

Runhild Heggem: BLS Ung

Anders Lillebo: Kræsjkurs i rørespols og Arkivpols